



Fylkesmannen i Hordaland

Utdanningsavdelinga

Postboks 7310

5020 Bergen

Referanser:

Dykker:

Vår: 15/904 - 15/19764

Saksbehandlar:

Kristin Moe

Kristin.Moe@lindas.kommune.no

Dato:

20.05.2015

## Klage på enkeltvedtak - det fysiske skulemiljøet ved Knarvik barneskule

Skule: Knarvik barneskule

Elevtal: 210

### **Lovgrunnlag – opplæringslova kapittel 9a:**

§ 9a-1. Generelle krav

Alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

§9a-2. Det fysiske miljøet

Dersom ein elev eller forelder, eller eit av ráda eller utvala ved skulen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skulen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltninga. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føreseggnene i forvalningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

### **Kva sak gjeld:**

Lindås kommune har motteke klage frå Foreldreutvalet ved Knarvik barneskule, vedkomande enkeltvedtak knytt til det fysiske skulemiljøet ved skulen, datert 20.03.15. Klagen er datert 14.04.15 og registrert i Lindås kommune sitt arkiv den 17.04.15.

Leiar av FAU mottok enkeltvedtaket den 22.03.15, og sendte klage på vedtaket den 14.04.15. Med dette er klage på enkeltvedtaket ikkje motteke innafor klagefristen på tre veker. Lindås kommune har likevel sakshandsama klagen, og heimlar dette i forvaltningslova § 31, som seier at kommunen kan ta klagen til behandling dersom «*klager ikkje kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå*» eller «*det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd*». Dette har samanheng med at FAU kan setje fram ein ny klage som vil medføre eit nytt vedtak med klagerett. Ein vil likevel peike på at det står overordna organ (Fylkesmannen i Hordaland) fritt til å kome til eit anna resultat.



I klagan kjem det fram at FAU ved Knarvik barneskule meinar at dei utbetringar som er gjort i høve til det fysiske miljøet ved skulen samt tidsperspektivet i høve til ny Knarvik barneskule ikkje er gode nok for å sikre elevane eit godt psykososialt skolemiljø.

FAU meiner at:

- dei sanitære forholda for dei yngste elevane ikkje er gode nok
- at skulen er for liten i høve til tal elevar og at det må byggjast mellombelse undervisningslokale
- skulen manglar grupperom, eigna undervisningslokale og SFO-lokale samt andre spesialrom

FAU seier dei er ikkje nøgd med at enkeltvedtaket berre peikar på politisk vedtak om start av planprosessen, og meiner at Lindås kommune må både vedta og sørge for at ny Knarvik barneskule står ferdig innan 2019.

### Vurdering:

Gjennom økonomiplanen for 2015-2018 har Lindås kommune vedteke å bygge ny Knarvik barneskule, og det er sett av midlar til prosjektet. Kommunen har som målsetjing at ny Knarvik barneskule skal stå ferdig til haust 2019. Framdrifta av prosjektet vil gå gjennom ulike fasar som også skal godkjennast politisk. Av ulike grunnar kan framdrifta gå raskare eller seinare enn stipulert på eit tidleg tidspunkt, og det let seg difor ikkje gjere å garantere at ny skule skal stå ferdig innan 2019. Mandat for prosjektet vil bli utarbeidd i vår, slik at kommunen er klar til å starte opp tidleg haust. I denne fasen vil ein også etablere brukargruppe med representantar frå skulen. Kommunalsjef har teke initiativ til å delta i neste møte i FAU, for å medverke til god informasjon og dialog kring byggeprosjektet.

Knarvik barneskule har eit samla bruttoareal på 3144 m<sup>2</sup> inkludert kroppsøving. Av dette utgjer ein paviljong som vart oppført i 1996 526 m<sup>2</sup>. Etter kommunen sitt rettleiande arealprogram bør ein skule med 200 elevar ha eit bruttoareal inkl. kroppsøving på 2962 m<sup>2</sup>. For ein skule med 300 elevar tilseier arealprogrammet at ein bør ha eit bruttoareal på 4003 m<sup>2</sup>. Knarvik barneskule har 13 ordinære klasserom og eit kombinert klasserom/skulekjøkken. Storleiken på romma varierer frå 48 m<sup>2</sup> til 102 m<sup>2</sup>. Skulen har 8 grupperom og ein base for særskild tilrettelagt opplæring, i tillegg til avdeling for kunst&handverk, kombinert undervisningsrom mat&helse samt kroppsøvingsareal.

Skulen har for tida 14 klassar. Elevtalsprognosane for neste skuleår syner eit elevtal på 209 elevar. Grunna språkdeling (bokmål/nyorsk) har skulen stor variasjon i storleiken på klassane, og plassering av klassane blir årleg tilpassa storleiken på romma. Lindås kommune vil stadfeste at det er ei utfordring at skulen har for lite spesialisert læringsareal. Norconsult (2009) har ut frå ei heilekapleg vurdering av skulen tilrådd eit elevtal på 160-180 elevar, slik at skulen kan omdisponere klasserom tilbake til spesialrom.

For å kompensera noko for manglande spesialisert læringsareal har skulen dei siste åra gjort følgjande tiltak:

- Skulen sitt tidlegare datarom er gjort om til eit lite klasserom (her er det plass for inntil 12-14 elevar). Dette rommet vert i dag nytta av 6. årssteget. Her er begge klassane i stor grad slått saman til ei stor gruppe i dei fleste av faga og det tidlegare datarommet vert nytta som avlastningsrom i denne gruppa).
- Sløydsal er delt opp slik at vi i dag nyttar dette arealet både til sløydsal og til tekstilforming. Elevane på same trinn (5.-7. kl.) vert delt i 3 grupper i faget kunst og handverk. Skulen nyttar då sløydrom/tekstilformingsrom og eitt klasserom samstundes i desse timane.
- Tekstilrommet vert og nytta som møterom og som grupperom.
- Skulen nyttar klasseromma og gymsal/uteareal til opplæring i naturfag og musikk.

Lindås kommune vurderer at det å etablere mellombelse lokale for undervisning vil gå ut over skulen sitt uteareal og slik verke negativt inn på skulemiljøet i høve til leik og aktivitetar. Mellombels lokale må plasserast på skuleplassen eller i skogen og på skuleplassen er det allereie etablert ein paviljong. Sjølv om skulen har for lite spesialrom, så vurderer kommunen at dei kompenserande tiltaka som er sett inn av skulen er tilstrekkeleg til å sikre elevane sine rettar etter opplæringslova §9a-2 fram til ny skule står ferdig. Saka er vurdert av tillitsvald og rektor ved skulen, som kjem til same konklusjon.

Miljøretta helsevern har gjennomført tilsyn ved Knarvik Barneskule den 23.3.15, etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular. Tilsynsrapporten følgjer vedlagt. Alle avvik i høve til sanitær, inneklima og luftkvalitet er no retta opp. HK-toalett for dei yngste elevane er gjort tilgjengeleg for alle elevane.

Lindås kommune har med dette gått gjennom FAU sine moment i klagen, men ikkje funne grunn til å oppheve eller endre vedtaket, jamfør forvaltningslova § 33.

**Innstilling:**

Lindås kommune sitt vedtak av 20.mars 2015, vert stadfesta.

Klagen blir sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Med helsing

Kristin Moe  
kommunalsjef oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Ragna Midtbø  
Terje Hugo Aarvik

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland  
FAU Knarvik barneskule